

# Sandslegene



## FAKTA

<b>Trimpoeng:</b>	4
<b>Høgde over havet:</b>	115 m
<b>Lengd merka løype:</b>	1) 1,4 km      2) 1,5 km
<b>Stigning merka løype:</b>	1) 114 m      2) 86 m
<b>Underlag/terreng:</b>	Mark, myr, torv / fjellveg, torv
<b>Signeringar i 2013:</b>	166 (prøveprosjekt)

## OM STADEN

Sandslegene ligg vakkert til i solsida på eit platå ovanfor Sande på sydsida av fjellet Øyna. Frå Skare går det ein fjellveg oppover til om lag 110 moh. Denne går til to dyrka marker, og sjølvje boka er plassert ved det nordaustre hjørnet av desse, om lag 150 meter vidare innover frå enden av vegen. Ein skulle tru at sydvesten stod på her omtrent heile tida, men faktum er at det meste av vinden vert lyfta over fjellet og skaper ei luftlomme. På Sandslegene er det sol mange timar kvar dag heile året, sjølvtsagt føreset at det er klarvær. Panoramautsikta er fantastisk – 180 graders synsvinkel frå Sunnmørsalpane i aust via Vanylvsgapet og Nordfjord i syd til Stadhavet i vest. Nordover går det bratt rett opp til Rinden.

## TURALTERNATIV

Tre aktuelle utgangspunkt for turen til Sandslegene.

- Bringsvor:** Parker ved skulen, gå til toppen av bakken og følg merka sti mot Rinden til du passerer utmarksgjerdet (siste grind). Her tek du til venstre og går sørover langs med garden. **[1,3 km]**
- Støyle:** Umerka løype frå toppen av bakken frå kyrkja. Følg denne til den merka stien frå Bringsvor kryssar på tvers. Ta til venstre og følg merkinga mot vest. **[0,8 km]**
- Skare:** Frå parkeringsplassen på Skarshaugen følgjer du bilvegen eit par hundre meter tilbake. Like nedanfor toppen av bakken tek du av til venstre oppover ein ulendt og steinete veg. Denne går gjennom fleire grunder i løpet av stigninga dei første 4-500 meterane før den går i ein S-sving opp til eit flatt strekk austover langs dei inngjerda dyrkamarkene. Frå enden av vegen er det sti siste 150 meterane. Dette er eit godt alternativ å kombinere med Rinden og Dollsteinen. **[1,5 km]**

## BILETE



Sandsøy Idrettslag  
6089 Sandhamn  
[www.sandsoyil.no](http://www.sandsoyil.no)

